



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2438 - 20/44547

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kommune.no

Dato:
06.07.2020

Vedtak til klagevurdering - gbnr 185/262 Isdal

Tiltak: Lagerbygg
Byggjestad: Gbnr: 185/262
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune
Ansvarleg søkjar: Vestland fylkeskommune

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealformålet veg og anna veggrunn og søknad om løyve til riving av lagerbygningar og oppføring av ope materiallager og plashall.

Planstatus

Tiltaket er omfatta av område som i reguleringsplanen for tunnel på Fv 57 (planID 1 263-201 201) er avsett til føremåla veg og anna veggrunn. Kommunedelplanen for Knarvik –Alversund med Alverstraumen supplerer reguleringsplanen der reguleringsplanen ikkje har egne føresegnar om temaet, jf. føresegn 4.5.

Tiltaket ligg innanfor raud støysone og bandleggingssona for framtidig trase for E39.

Administrativ handsaming

Søknaden er handsama administrativt etter gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til Marianne Aadland Sandvik, tlf 91 11 76 51.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.

- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon, rammeløyve og delvis igangsetjingsløyve for oppføring av 2 lagerbygg - gbnr 185/262
Isdal

Situasjonskart

Fasader sørvest og nordvest

Plan snitt og fasader

E - 1 plan nytt lager

E - 2 snitt

E - 3 fasader nytt lager

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland
Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863 LEIKANGER
5020 BERGEN